

Tilbod

Strategisk innhaldsdesign med kjernemodellen - fagdag og sertifiseringsløp

Tilbydar

Kjernepar AS
Are Gjertin Urkegjerde Halland
kjerneparen.no
are@kjerneparen.no
908 70 026

Beskrivelse

Tilbodet beskriver eit opplegg for drilling i strategisk innhaldsdesign med kjernemodellen. Dette er eit praktisk og intuitivt rammeverk for å samarbeide tverrfagleg om å lage betre for digitale produkter og tenester.

Metoden består av eit enkelt canvas (kjerneark), eit workshopformat (kjerneverksted) og ein praktisk filosofi for tverrfagleg samarbeid (strategisk innhaldsdesign).

Rammeverket er fleksibelt og samtidig kompatibelt med annan metodikk, og passar difor godt inn som ei felles referanseramme i prosjekter og utviklingsløp.

Kjernemodellen og dei tilhøyrande verktøya er godt eigna til å:

- Være ein del av ei felles verktøykasse
- Skape eigarskap og forankring
- Forenkle, forankre og skape framdrift

Både fagdagen og sertifiseringsløpet passar for alle fagdisiplinar, enten dei jobbar med design, innhald, utvikling, prosjektledelse, strategi/forretningsutvikling eller andre fagområder.

Sertifiseringsløpet er ein modifisert versjon av 2-dagerskurset Masterclass i strategisk innhaldsdesign, og går over totalt 3 modular.

Sertifisering krever i tillegg at deltakarane har planlagt og gjennomført eit kjerneverksted på eiga hand, og skrive ein kort rapport med sine erfaringar.

Fagdag om kjernemodellen (Modul 1, fysisk/digitalt halvdagskurs)

Den første modulen er ein open fagdag med innføring i kjernemodellen, som gir deltakarane grunnlag for å gjennomføre kjerneverksted sjølve.

Introduksjonen passar for alle fagdisiplinar, enten dei jobbar med UX-design, tenestedesign, innhaldsdesign, utvikling, prosjektledelse, strategi/forretningsutvikling eller andre fagområder.

Fagdagen passar både for nybegynnarar og for dei som har gjennomført prosessar med kjernemodellen tidlegare, men ønsker ein skikkelig gjennomgang av dei siste oppdateringane i malar og metodikk.

Vi jobbar typisk med eit eller fleire interne case(r) som vi planlegger i forkant av kurset. Casene kan være nettsider eller andre digitale produkter/tenester. Eg oppretter ein slack-kanal der vi kan ha fortløpande dialog om casene og opplegget.

Les meir om opplegget på kjernekaeren.no/kurs-kjernemodellen.

Pris for planlegging, forarbeid og gjennomføring av fagdag:

30.000 inkl mva for inntil 20 deltakarar / 1 eigen case

Pris pr ekstra deltakarar: 1000 inkl mva

Pris pr ekstra case: 2000 inkl mva (mine forberedelsar)

Modul 2 - Strategisk innhaldsdesign (Fysisk/digitalt heildagskurs)

Modul 2 går djupare inn rammeverket strategisk innhaldsdesign, med fokus på forarbeidet.

Denne modulen er ein komprimert versjon av *Masterclass i strategisk innhaldsdesign med kjernemodellen*, som normalt går over 2 dagar. Les meir om dette kurset på kjernekaeren.no/masterclass.

Emner vi dekker er m.a.

- Kvalitative og kvantitative metodar for brukarinnsikt
- Utforming av mikrostrategi for eit kjerneområde
- Prioriteringsverksted for valg av kjerner
- Planlegging og fasilitering av kjerneverksted

Vi går i fellesskap gjennom casene til dei som ønskjer sertifisering. Dette innebærer prioritering av kjerner og praktisk planlegging av kvar enkelt sin sertifiseringsprosess.

Før modul 2 bør deltakarane ha lest boka om kjernemodellen og forberedt eit eige case.

Pris for planlegging, forarbeid og gjennomføring av heildagskurs:

50.000 inkl mva for inntil 10 deltakarar

Pris pr ekstra deltakarar: 2000 inkl mva

Modul 3 - Oppfølging og sertifisering (Halvdags digital samling)

Modul 3 er ein open sesjon som i stor grad er styrt av ønsker og behov frå deltakarane. Vi går gjennom erfaringar og dekker andre emner innanfor strategi/design/innhald etter behov.

Deltakarane bør ha planlagt og/eller gjennomført eit kjerneverksted på eiga hand før modul 3.

Sertifisering

For å bli “sertifisert fasilitator av kjerneverksted” må ein ha tatt alle modulane, gjennomført eit eige kjerneverksted, og skrive ein kort rapport.

Som sertifisert får du tilgang til alle ressursane som andre sertifiserte har tilgang til:

- Eksklusiv Slack-kanal for erfaringsdeling, der eg svarer på spørsmål som måtte dukke opp
- Kontinuerlig oppdatert ressursamling
- Det utelatte kapitlet om prioritering frå boka om kjernemodellen
- Videobibliotek med caser (under utvikling)
- Årleg digital samling

Pris for modul 3 og sertifisering:

10.000 eks mva pr deltakar

Betingelsar for kurs

Ved avbestilling seinare enn 20 dagar før kursdato blir beløpet fakturert med halv pris. Ved avbestilling seinare enn 5 virkedagar før kursdato blir heile beløpet fakturert.

Oslo, 5. desember 2023



Are Gjertin Urkegjerde Halland

(sign. kunde)

Om meg

Are Gjertin Urkegjerde Halland (AKA Kjernekarer) har godt over eit kvart århundres erfaring med brukarsentrert strategi, design og kommunikasjon, og er opphavsmann til kjernemodellen. Han blir rekna som ein nestor innanfor fagområda informasjonsarkitektur, innhaldsdesign og brukartesting. Han er også ein landets mest erfarne brukartestmoderatorar, og har gjennomført testing med godt over 1000 testpersonar.

Les meir om mine kurs og tenester på kjernekarer.no

Sagt om kurset og kjernemodellen

«Et virkelig matnyttig kurs om en resultatfokusert modell!»

Linn Hustad, senior designer i Gnist Design

“Dette var en grundig og god innføring i kjernemodellen fra A-Å. Det er et utrolig praktisk verktøy, og selv om jeg har brukt det i flere år, var det veldig nyttig med en skikkelig gjennomgang fra "Mr Kjernekar" Are.”

Evind Skogen, Fagansvarlig innhold, Netlife

“Utrolig nyttig kurs med masse praktiske eksempler som gjør det enkelt å ta i bruk kjernemodellen med en eneste gang. Gleder meg til å teste det ut på egne prosjekter!”

Elisabeth Heidenstrøm, Customer Marketing Manager, Sopra Steria

«Hvis du skal velge ett kurs i digital strategi / innholdsstrategi / innhaldsdesign, så er kjernemodellen med Are Halland top of the list!» *Terje Mjåset, digital innholdsrådgiver*

«Kjernemodellen er den mest berømte metoden som få vet om. Dette burde være pensum for alle som jobber med design, brukeropplevelse og kundeopplevelse.»

Jim Kalbach, forfatter av Jobs To Be Done Playbook og Mapping Experiences.

Referanser

Eg har tidlegare holdt variantar av kursa mine for mellom andre Bouvet, Knowit (Oslo og Bergen), Novateur, Spoon, Northern Beat, Okse, Miles og Webstep. Oppgir gjerne referansar på forespørsel :-)

Om strategisk innhaldsdesign med kjernemodellen


Strategisk innhaldsdesign er eit rammeverk som er laga for å utvikle og forvalte digitalt innhald som når strategiske mål gjennom å løyse viktige brukarbehov.

PRIORITERE



Kartlegge brukarbehov og strategi. Prioritere brukaroppgåver, mål og kjerner.

SAMARBEIDE



Jobbe saman på tvers av siloar, nivåer og fagkompetanse for å lage det beste svaret på brukaroppgåver og mål.

FIKSE



Prioritere tiltak, fordele ansvar og fikse problema på enklaste mulige måte. Følg opp toppoppgåvene.

Rammeverket består av eit sett av enkle verktøy og framgangsmåtar for å

- sette innsikt i system
- ta strategien ned på jorda og
- få gjennomslag og forankring for prioriteringar

Tilnærminga tar utgangspunkt i *kjernemodellen*, som er ein intuitiv og tverrfagleg tilnærming til digital produkt- og tenesteutvikling.

Den viktigaste styringsmekanismen er *toppoppgåvene* - det lille settet av brukaroppgåver som er aller viktigast for kundane/brukarane dine.

Toppoppgåvene setter du inn i eit *vegkart for prioritering*, som sikrer at du jobber med kjernene som gir størst verdi for brukaren OG for verksemda.

Du kombinerer dette med enkle, kvalitative innsiktsmetoder for å skjønne kva som er det egentlige problemet, og du tar strategien ned på jorda ved hjelp av *mikrostrategi*.

For å finne dei beste løysingane i tverrfagleg samarbeid kjører du *kjerneverksted* på tvers av avdelingar, produktteam, nivåer og fagkompetanser.

Ut av dette får du konkrete *handlingskort* som gir retning for design, innhaldsproduksjon, utvikling og forvaltning.

Over tid måler du effekten av tiltaka ved å sjå på *gjennomføringsgraden* og justere vegkartet etter terrenget.

Rammeverket er utarbeida av underteikna, og er basert på meir enn 25 års erfaring med brukarfokusert design og strategi.

Ønsker du å vite meir om kjernemodellen anbefaler eg å lese boka mi: [“Kjernemodellen - et praktisk verktøy for å lage bedre digital produkter og tjenester”](#) (Halland og Halland, Kraft forlag 2021)

Les gjerne også desse artiklane:

[Soga om den typiske nettstaden](#)
[Dette er kjernemodellen](#)
[Styrer du nettsidene dine i blinde?](#)

Andre kurs

Eg tilbyr også ei rekke andre kurs som kan skreddersyast i ulike formater avhengig av behov:

- [Lag AI-generert innhald som funker](#)
- [Smidig brukartestig for produktteam](#)
- [Digital bærekraft - for organisasjonen og planeten](#)
- Toppoppgaver for vidarekomne

I tillegg kan eg hjelpe til med [coaching, mentoring og fasilitering](#).

[Bestill gjerne ei kaffiprat](#), så kan eg forklare nærmare :-)